



Kviteseid kommune

Kviteseid kommune fatta 17. mars vedtak om utvida karantene for personar som har vore i alle andre kommunar enn Tokke, Vinje, Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Hjartdal, Tinn, Notodden og Midt-Telemark.

- Folk busett i Kviteseid som har vore i andre kommunar enn dei som er nemnd ovanfor 13. mars eller seinare, skal i karantene. Karantene gjeld personen som har vore på reise og omfattar ikkje andre personar i husstanden.
- Personar som har arbeid i samfunnskritiske funksjonar, kan få dispensasjon til å jobbe også i karanteneperioden.
- Personar som har til dømes legetime på sjukehuset i Skien må sjølv vurdere om det er naudsynt å reise. Dersom vedkomande reiser må vedkomande i karantene ved heimkomst.
- Personar i Kviteseid som arbeider utanfor desse kommunane kan reise på jobb. Når dei kjem tilbake til Kviteseid, må dei i karantene. Dei kan reise ut på jobb igjen i karanteneperioden.
- Personar som er busett utanfor dei kommunane som er nemnd ovanfor, kan ikkje reise inn til Kviteseid kommune. Personar som har samfunnskritiske funksjonar til dømes innanfor helsesektor, forsyning mv. kan framleis reise inn til Kviteseid og utføre arbeid her.
- Gjennomfart i bil vil framleis vere tillate.
- Er du student og har folkeregisteradresse i Kviteseid kan du kome til kommunen, men bli omfatta av karantene-reglane. Er du student, men har folkeregisteradresse utanfor kommunane i øvre Telemark, kan du ikkje reise til Kviteseid. Unntak er dersom du skal arbeide innanfor samfunnskritiske funksjonar som til dømes helse- og omsorgstenesta, daglegvareforretning eller med matvareproduksjon (arbeid på gardsbruk som har husdyr).
- Hytteeigarar kan ikkje kome til Kviteseid dersom dei er busett utanfor kommunane nemnd ovanfor. Dersom hyttetak på måkast, må ein leige hjelp av personar som ikkje har slikt innreiseforbod.
- Det vil oppstå mange tvilstilfelle. Her må kvar og ein gjere ei fornuftig vurdering.